



ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Postboks 75
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3653 - 15/3484

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.02.2015

Endringsløyve - oppføring av støttemur i grense - gbnr 202/154 Hjelmås.

Administrativt vedtak. Saknr: 050/15

Tiltakshavar: Heidi Styve og Inge Eikanger
Ansvarleg søkjar: ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Det vart gitt løyve til oppføring av bustad og garasje på tomte i vedtak datert 10.07.2014. Det vert no søkt om endring av løyvet i samband med trong for etablering av mur som ledd i arbeidet med å sikra skjæring i grensa mot nabo på gbnr 202/85.

I samband med grunnarbeidet på eigedomen vart det gjort skadar på terrenget i grenselinja mot nabo. Delar av terrenget sklei ut. Dette vil no bli retta ved at ein søkjer om å etablere stabil mur i grenselinja, fyller tilbake utglidde massar og monterer gjerde i grenselinja slik at terrenget tilnærma framstår slik det var før skaden skjedde. Muren vert felt inn i fjellet og vil ikkje bli høgare enn terrenget på nabotomta.

Det vert elles vist til søknad mottatt 06.02.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 06.02.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Helleåsen er definert som område for frittliggjande småhusbebyggelse .



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i dokumentasjon mottatt 06.02.2015..

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Eigar av gbnr 202/85 har i dokument datert 02.02.2015 samtykka til at tiltaket kan plasserast slik det er søkt om. Tiltaket vert godkjend som omsøkt, jf pbl § 29-4.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **Nordhordland Grunn og Betong AS**, org.nr. 990 193 975, har søkt om ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) for arbeidet med reparasjon etter sprenging, skildra som mur som skal forankrast i fjell og tilbakefylling av massar.**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket er også godkjend ansvarsrett for andre ansvarsområde i byggesaka, jf. vedtak datert 10.07.2014.

Det er ikkje søkt om ny/ending i ansvarsrettar for prosjektering. Administrasjonen legg såleis til grunn at prosjekteringa vert omfatta av ADU Ingeniør Atle D. Utkilen sin allereie godkjende ansvarsrett for prosjektering av tiltaket.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til ending av tiltak slik det er søkt om.

1. Tiltaket skal plasserast som vist i dokumentasjon journalført 06.02.2015.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
UTF	Nordhordland Grunn og Betong As	990193975	S	1	Reparasjon etter sprenging, gjeld mur som skal forankrast i fjell og tilbakefylling av massar.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3653.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt handsaming/endingar i løyvet	1	Kr 2 900,-
	Totalt gebyr å betala		

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Heidi Styve og Inge Eikanger

Hjelmåsen 37

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen

Postboks 75

5953

FONNES